



Hardangervidda grunneigarsamskipnad

Trondheim, 18.12.2014

Dykkar ref.:  
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2013/7719

Sakshandsamar:  
Øyvind Bonesrønning

## Svar på ymse spørsmål om forvaltninga av Hardangervidda nasjonalpark med landskapsvernområde

**Miljødirektoratet syner til brev datert 01.09.2014 med kommentarar knytt til vårt brev frå 28.08.2014. Me syner og til eit brev frå Hardangervidda Grunneigarsamskipnad datert i 30.10.2013 som Miljødirektoratet av ukjende årsaker ikkje finn i arkivet.**

Hardangervidda Grunneigarsamskipnad (HG) sitt brev datert 22.07.2014 var stila til Miljødirektoratets direktør Ellen Hambro. Miljødirektoratet understreker at uavhengig av kven i direktoratet sin organisasjon som signerar eit brev, kjem brevet frå Miljødirektoratet.

HG etterlyser nok ein gong at Miljødirektoratet skal syte for at dei fylkesvise tilsynsutvala på Hardangervidda etablerer ein mest mogleg eins praksis på kva for søknader som blir innvilga, og kva for vilkår som knyt seg til eit vedtak. HG hevdar at særleg tilsynsutvalet i Telemark legg ei strengare fortolking av verneforskrifta med tilhørande forvaltningsplan til grunn i si handsaming, samanlikna med dei to andre tilsynsutvala.

Miljødirektoratet gjentek nok ein gong at det er eit mål at forvaltninga av verna område at det er ein mest mogleg lik praksis mellom ulike forvaltningsorgan. Eit viktig prinsipp for forvaltninga av verna område er at praksis i handsaming av søknader for område med same ordlyd i forskrifter skal vere mest mulig eins, men i dei fleste saker er det under handsaminga rom for å bruke eit vist skjønn. Arbeid med forvaltningsplanar er viktig for avklare praksis og rom for utøving av skjønn.

Ein konsekvens av at det i Noreg finns ei lang rekke ulike administrative og politiske organ med forvaltningsmynde for verna område er at det vil kunne bli mindre skilnader i utøving av skjønn under handsaming av elles like saker mellom ulike styresmakter. Miljødirektoratet legg til grunn at dette er i tråd med stortingets intensjon, då det er politiske vedtak som ligg til grunn for overføring av mynde frå embetsverk til politiske organ. Miljødirektoratet kan korrigere forvaltningsparksis hjå eit

forvaltningsorgan på fleire måtar; gjennom forskriftsarbeid, forvaltningsplanlegging, veileiingsmateriell, rådgjeving, handsaming av klagesaker og omgjering av vedtak etter eige tiltak.

Miljødirektoratet har nok ein gong teke HG sitt ynskje opp til vurdering, men kan ikkje sjå at det nemnde tilsynsutval har ein praksis som i stor grad skil seg frå dei andre utvala. Me finn heller ikkje at tilsynsutvalet i Telemark har ein praksis som vesentleg avvik frå sentrale føresegn/vegleiingsmateriell.

### **Om brev datert 20.10.2013**

Miljødirektoratet meiner at ordet landbruk i verneforskrifta må verte tolka slik det var meint då forskrifta blei vedtatt. Formålet med vernet er å ivareta naturområda og sørge for at det ikkje blir gjort inngrep som skadar naturverdiane i området. Det er difor slik at reglane inne i eit verneområde ofte vil vere strengare enn dei reglane som gjeld utafor eit verneområde. Ei forskrift er eit juridisk verkemiddel som står fast og skal ikkje tolkast i lys av skiftande politikk. Den er bindande og skal tolkast i lys av det som var meint da ho vart vedteken. Dersom forskrifta skal ha eit anna innhald, må den i tilfelle endrast på vanleg måte og ved å følgje dei krava som forvaltningslova og regelverket elles krev. Det er ikkje opp til forvaltningsstyresmakta eller Miljødirektoratet å endre forskrifta. Ei endring krev vedtak fatta av Kongen i Statsråd.

Direktoratet er kjent med at det i fleire vedtak er lagt til grunn ei utvida tolking. I vurdering av om ein skal gripe inn å gjere om eit vedtak er det mange omsyn å ta. Som utgangspunkt skal det mykje til for å gjere om eit vedtak utan at vedtaket er påklaga. Utgangspunktet er at klageinstansen skal handsame sakar når dei er påklaga. Miljødirektoratet valde i ei sak i 2013 å heller gi informasjon i etterkant, framfor å gripe inn i den konkrete saka.

Sjølv om det kan ha vore ei uheldig praksis tidlegare, inneber ikkje dette at praksisen bør fortsette. Vi viser elles til tidlegare brev om landbruksomgrepet.

Helsing  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur*

Olav Nord-Varhaug  
Fungerande avdlingsdirektør

Øyvind Bonesrønning  
seniorrådgjevar

Kopi til:

Fylkesmannen i Telemark	Postboks 2603	3702	SKIEN
Tinn kommune	Postboks 14	3661	Rjukan